

# Stade og Teigen

## gard og slekt



Knut Raastad, mars 2025



*Søre Stade sist på 1800-talet. Foto frå Anne Marie Bolstad, Vågå historielags fotoarkiv.*

# Søre Stade

Gnr. 153 bnr. 1, løpenr. 158, gml. nr. 108.

Stade vart nemnd i 1576 og var da på 3 huder som tilhørde Vågå prestebol. Skattelister 1610-1620 viser at brukaren på Stade var Erik, og i 1625 Jakob. I tillegg var det ein brukar til som heitte Lars, han vart 1610-1613 nemnd som husmann og 1617-1625 øygardsmann, båe nemningane kan vera eit uttrykk for ein brukar nr. to på garden. D.v.s. at Stade var to bruk. Viss ein ser på at søre Stade seinare var på 2 huder og nørdrre Stade på 1 hud, kan ein plassere Erik og Jakob på søre og Lars på nørdrre. Men delinga trong ikkje ha vore slik fyrst på 1600-talet.

I 1645 vart det nemnd to brukarar på Stade, det var Peder som truleg var på nørdrre Stade og Thorre på søre Stade. Thore Mikkelsen d.ca.1659 var gift med Kjersti Jonsdotter d.ca.1671, dei hadde barna

Lars f.ca.1639, neste brukar

Thore d.før 1671

Aagot

Marit

I 1668 var det to brukarar på Stade, det var Hans som brukte 1 hud på nørdrre Stade og Lars som brukte 2 huder på søre Stade. Lauridtz vart også nemnd i jordebok 1661. Alt tilhørde Vågå prestebol.

I 1711 var Rønnaug brukar på søre Stade, og ho vart nemnd som bygsjar fram til 1722 da svingersonen overtok. Rønnaug var gift med Lars, for dottera vart nemnd som Larsdotter. Denne Lars kan ha vore han som vart nemnd som brukar i 1668. Rønnaug var frå øvre Bjørnstad dotter til Per Jonsen og Kari Persdtr. Snerle n/m. Lars og Rønnaug hadde dottera:

Thore d.1733, neste brukar

Thore Larsdotter var gift med Nils Jakobsen. Nils overtok bygselen av søre Stade 2 huder i 1722. Nils og Thore hadde 6 barn:

Lars f.ca.1712, neste brukar

Jacob f.ca.1715

Christen f.ca.1718

Peder f.ca.1722

Anne f.ca.1723

Peder f.ca.1727, g.m. Brit Larsdtr.. Til Barhaugen

Lars Nilsen fekk bygsel på nedre Stade 2 huder i 1735. Lars hadde 5 barn:

Guttorm 1740-1745

Mari f.1743

Torø f.1746, neste brukar

Marit f.1750

Imbjør f.1753

Torø Larsdotter var gift med Amund Olsen Sandbu oppigard sør f.ca.1731 d.ca.1782 son til Ole Iversen Sandbu f.ca.1694 og Rønnaug Guttormsdr. Heringstad 1697-1765. Soldat Amund Olsen overtok bygselen etter svigerfaren i 1764. Enkja Torø Larsdotter brukte garden etter at mannen var borte. Amund og Torø hadde 6 barn:

Anne f.ca.1765 d.1800, neste brukar  
Rønnaug 1767-1768  
Rønnaug f.1769, g.m. Knut Olsen  
Imbiør f.1772, g.m. Nils Andersen  
Lars 1775-1840, g.m. Kari Knutsdotter  
Mari f.1779

Anne Amundsdotter Stade vart i 1788 gift med soldat Halvor Olsen Køyen, Sel f.ca.1753 d.1807 son til Ola Halvorsen Kojen. Halvor fekk i 1788 bygsel frå presten på nedre Stade 2 huder. Anne og Halvor hadde 5 barn:

Amund f.1789, til Kojen  
Brith f.1791  
Anne 1794-1795  
Ole f.1797  
Anne f.1800

Smedsmo fekk store skader under flaumen i 1789, så ved kongeleg resolusjon i 1793 vart garden Stade søre utlagt til kapellangard. Fyrst etter at leiglendingen Halvor Olsen Stade døydde i 1807 flytta kappelan Bøyesen inn på Stade. I eit pantebrev 1.1.1809 pantsatte Bøyesen ein del sølv for 100 riksdaler hjå Gurie Paulsdatter Holbøe. Bøyesen var res.kap. i Vågå i 9 år, og han var også bestyrar av fattigvesenet. I 1812 vart han utnemnd som sokneprest til Lærdal og i 1822 res.kap. i Bergen domkyrkje. I 1825 vart han sokneprest i Ullensaker der han døydde i 1841. Bøyesen var gift med Anna Teilmann, og dei hadde 4 barn, bl.a.:

Alette Petronella Elisabet f.1808

Severin Hjelm Friis var res.kap. 1812-1813.

Henrik Meyerhoff Jordan var res.kap. 1815-1821. Han vart fødd i Bergen i 1787, son til rådmann Caspar Jordan. Han vart i 1812 utnemnd til fogd og forvaltar i baroniet Rosendal. I 1815 vart han utnemnd til res.kap. i Vågå. Medan han var i Vågå styrde han Lesja sogn frå mai 1818 til januar 1821. I 1820 vart han utnemnd som sokneprest i Alten Talvik, og reiste frå Vågå tidleg i 1821. I 1824 vart han sokneprest i Daviken der han døydde i 1824. Han var gift med Juliane Margrete Pihl, dotter til prost og ridder Abraham Pihl på Vang Hedmark. Henrik og Juliane fekk 1 barn medan dei var i Vågå:

Natalie Cathrine f.1816

I perioden 1822-1835 er det ikkje nemnd nokon fast kapellanstilling, men det ser ut til at fleire var innom soknet, i midlertidige stillingar, så som:

1825 Gabriel Hofgaard Stenersen. Vart sogneprest til Aal Hallingdal.

1826 N.B. Flood blir nemnd som kapellan.

1828 og 1831 blir det nemnd ein kapellan Sørensen

1830 blir det nemnd ein pers.kap. I.L. Dahl

Ole Johan Storm var res.kap. 1835-1838.

Ditlev Bernhard Gadebusch Gunnerus var res.kap. 1838-1847. Han var fyrst pers.kap. i Ringsaker 1830-1838. I 1847 vart han utnemnd til sokneprest i Lye på Jæren. Han var gift med Oline Wilhelmine Årøe, dei hadde 2 barn:

Bernhardine Wilhelmine f.1842

Carl Ludvig f.1846

Maurits Glerup Klem f.1815 var res.kap. 1847-1853. Han vart utnemnd til sokneprest i Lund og Herskestad i Rogaland i 1853. Maurits vart 1845 gift med Wilhelmine Cathrine Hansen, dei hadde 2 barn:

Marie Sophie f.1849

Gotfred Gustav f.1851

Kristian August Lutken var res.kap. 1854-1864. Han vart fødd i Christiania i 1811, son til kjøpmann Lukas Lutken. Han tok eksamen i 1837, og i 1850 tok han i tillegg eksamen i lappiske språk. I 1864 vart han utnemnd til sokneprest i Gran. Han var gift 2 gonger – bl.a. med Olava Mathilde Larsdotter, dei hadde 4 barn:

Caroline Fredrikke f.1855

Iver Lucas f.1857

Randin Marius f.1859

Karen Johanne Elise f.1862

Wilhelm Andreas Wexels Kaurin var res.kap. 1864-1870. Han vart fødd i Flesberg prestegjeld i 1834 og vart gift på Stord med Henriette Cathrine Pedersen, fødd i Skedsmo i 1836. Han kom til Vågå i 1864, og dei slo seg ned på søre Stade. I 1870 flytta dei til Klæbu der han vart sokneprest. Dei hadde 3 barn:

Elisabet f.ca.1859

Hanna f. 1865

Mari f.1869

Anton Wilhelm Hansen Valle var res.kap. 1870-1878. Anton Valle var fødd i Vågå i 1842, son av lensmann i Vågå Hans Olsen Valle og Kari Olsdotter Fellese. Lensmann Valle var frå garden Valle på Østre Toten. Anton Valle vart i 1879 utnemnd som sokneprest i Hollen prestegjeld i Telemark, og budde der ved ft. 1900 på Hollen prestegard. Anton gifta seg i 1865 med Julie Andrea Munster f.1842. Dei fekk 3 barn i Vågå:

Louise Jørgine f.1872

Hans August f.1874

Ole Severin f.1876

Gudbrand Olsen Heggenhougen 1846-1932 var pers.kap. 1879-1891. Han vart fødd i Ringsaker og var gift med Julie Ousdahl, Næs Hedmark f.1855. I 1891 vart Heggenhougen

utnemnd som sokneprest i Nord-Fron, og dei budde i 1900-tellinga på garden Sundet. Dei hadde i alt 11 barn i ekteskapet – dei fleste fødte i Vågå:

Karen f.1877

Ottar f.1878, g.m. Anne Bu f.1888

Bertha f.1880

Jørgen f.1881

Harald f.1883

Solveig f.1884

Sverre f.1886

Erling f.1887

Aslaug f.1888

Ragnvald f.1889

Dagny f.1891

Torjus Kristensen Staksnes var res.kap. 1892-1905. Han vart fødd på Tromøy ved Arendal i 1853, son til gardbrukar Kristen Torjussen Næs. Han gifta seg ca. 1890 med Gurine Thorsen, Tromøy f.1865. Dei kom til søre Stade i 1892 og fekk 3 barn medan dei var i Vågå:

Karen f.1893

Helene f.1902

Gudrun f.1903

Den 14. mai 1905 vart garden søre Stade seld til Mathias Paulsen Snerle av Kyrkjedepartementet for kr 12100,-. Mathias Snerle 1877-1949 var frå sygard Snerle son til Pål Christensen Snerle 1824-1910 og Ragnhild Hansdotter Skår n. 1840-1929. Mathias vart 1904 gift med Rønnaug Knutsdotter Stokstad 1875-1954, dotter til Knut nedre Stokstad 1826-1912 og Mari f. Prestgard 1828-1912. Mathias og Rønnaug flytte frå Stade til sygard Snerle mellom 1914 og 1920 og overtok drifta der da broren Ola P Snerle vart sjuk. Mathias og Rønnaug hadde barna:

Pål 1906-1986, neste brukar

Knut 1914-1980, på Snerle

Pål Snerle fekk i 1942 skjøte på Stade frå faren for kr 5500, herav for lausøyre kr 1250. Han overtok drifta i 1932. Pål vart 1932 gift med Kari Dahl 1908-1997, dei hadde 3 barn:

Reidun 1933-2006, g.m. Hans Raastad f.1926. På Sande.

Magne 1937-1999, neste brukar

Ivar 1939-2022, g.m. Kari Berglund, Ringebu f.1940. På sygard Snerle.

Magne Snerle overtok etter faren i 1966. Han vart 1966 gift med Reidunn Bråten f.1944 dotter til Arthur Bråten f.1918 og Aslaug Skogheim f.1915. Magne og Reidunn har 3 barn:

Pål Arne f.1969, neste brukar

Anne Kjersti f.1973, sb.m. Jo Rune Einstulen

Marit f.1974, var sb.m. Kent Arild Moldal f.1970

Pål Arne Snerle overtok Sør-Stae i 1999. Han er gift med Turid Grimsbø, Jølster f.1969. Dei har 3 barn:

Ragnhild f.1995, g.m. Øystein Stubrud f.1994

Martin f.1997  
Solveig f.2000

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom, Tolstadslekten m.m.

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen, Jutulen 2010: Kapellaner i Vågå sogn

Ivar Kleiven 1907-1944: I gamle Daagaa

Seeiendom.no

## Granrud

Iver Gronrud vart nemnd i liste over husmannspengar i 1805, 1832, 1833 og 1834. Ved barnefødsjar vart han nemnd som Iver Granrud frå 1802. Iver Christensen f.ca.1780 d.1842 vart 1802 gift med Brith Pedersdotter f.ca.1779 d.1843. Iver og Brith hadde 3 barn:

Marit f.1802

Marit 1813-1814

Christen 1816-1898, neste brukar

Christen søndre Stadeieie vart 1846 gift med Marit Hansdotter Skindet 1816-1899 dotter til Hans Olsen. Christen var i 1865 og 1875 husmann med jord på Granrud. Christen og Marit hadde 5 barn:

Iver f.1847

Lars f.1849

Brit 1852-1923, neste brukar

Hans f.1852

Anne f.1859

Granrud gnr. 153 bnr. 2 vart 1900 frådelt frå søre Stade med skjøte i 1905 frå kyrkjedepartementet til Syver Kristoffersen for kr 1600. I 1900 var Syver målar, handverkar og jordbrukar, i 1910 gardbrukar og skogtilsynsmann. Brit 1852-1921 vart 1876 gift med Syver Kristoffersen Sunde 1850-1931 son til Christopher Syversen Sunde. Syver og Brit hadde 7 barn:

Gunild f.1877, g.m. Ole Olsen Braaten f.1877

Marit f.1879

Kari 1882-1893

Kristine f.1884

Kristoffer 1888-1892

Hans 1892-1920

Kristoffer f.1896, neste brukar

I 1922 var det skjøte frå Syver Kristoffersen til sonen Kristoffer S Granrud for kr 1267 samt føderåd til seljar og hustru verdsett til kr 1500. Kristoffer var gift med Kari Jonsdotter f.1900 dotter til John Kristensen sandviken og Kari Sylfestdr. Syver og Kari hadde 3 barn:

Borghild f.1920, neste brukar  
Sigurd 1921-1996, g.m. Ingrid Svare  
Kari f.1933, g.m. Ingvar Berge

Borghild var gift med Jakob Bjørnstad 1916-1980 son til Hans Bjørnstad og Lina Sagsletten. I 1946 var det skjøte frå Kristoffer til svigersonen Jakob Bjørnstad for kr 2000 samt føderåd til seljar og hustru verdsett til kr 1500. Overdraginga omfatta også gnr. 181 bnr. 11 i Heidal. Maurstad gnr. 152 bnr. 6 vart 1941 frådelt frå nørdrre Stade med skjøte for kr 1700 frå Karl Stade til Jakob Bjørnstad, dette var fem år før han overtok Granrud. Jakob og Borghild hadde 2 barn:

Kjell Kjartan f.1941 d.ca.1955  
Leif Halvdan f.1943, til Otta

I 1970 var det skjøte på Granrud og Maurstad frå Jakob Bjørnstad til Gunnar Stadeløkken 1921-1994. Gunnar var son til Syver Stadeløkken f.1899 og Ragnhild Sveen f.1900. Gunnar vart 1942 gift med Marie Løvlund f.1925 dotter til Per Fossen, Våreng og Ingeborg Sletmo, Løvlund ved Tangsæter. Gunnar og Marie hadde 3 barn:

Sverre Reidar f.1944, neste brukar  
Eva f.1945, g.m. Kåre Olderløykken  
Inger f.1952, sbm. Harald Hansen

Sverre overtok i 1990. Han vart 1968 gift med Anne Kari Bøe f.1943 dotter til Ingvald Bøe f.1908 og Emma Rindal, Dovre f.1909. Sverre og Anne Kari har 3 barn:

Geir Inge f.1969  
Knut f.1971, neste brukar  
Vegard f.1975

Knut overtok Granrud saman med søre Stadeløkken i 2006.

**Granrud hamnehage** gnr. 153 bnr. 7 vart 1940 frådelt frå søre Stade med skjøte frå Mathias Snerle til Kristoffer Granrud. I 1941 var det skjøte frå Kristoffer Granrud til svigersonen Jakob H Bjørnstad (det året Jakob kjøpte Maustad). I 1946 var det skjøte attende til Kristoffer (samtidig med at Jakob overtok Granrud). I 1953 var det skjøte frå Kristoffer Granrud til dottera Kari f.1933.

Kjelder:  
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar  
Norske gardsbruk 1953-1997  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.  
Seeiendom.no

## Drågen

Jacob Knutsen f.ca.1740 d.1816 vart 1762 gift med enkja Anne Svendsdotter f.ca.1735 d.1782. Jakob og Anne hadde 5 barn:

Knut f.1763

Ole f.1766

Svend f.1770

Hans f.1774

Iver f.1778

Jacob vart 1783 gift på nytt med Eli Bersvendsdotter f.ca.1750 d.1840. Jakob var i 1801 husmann under søre Stade. Jakob og Eli hadde 2 barn:

Bersvend f.ca.1789 d.1872, neste brukar

Jacob 1796-1813

Bersvend Drogen vart i liste over husmannspengar nemnd under søre Stade i 1832, 1833 og 1834. I 1865 var Bersvend føderådsmann på Draagen. Bersvend vart 1817 gift med Ingeborg Poulsdttter Øyseige f.ca.1786 f.1857. Bersvend hadde som gift menn barn med Kari Pedersdotter Sandboeie:

Anders 1855-1856

Erland Olsen Lieneige var son til Ole Erlandsen Lieneige. Erland f.ca.1821 d.1879 vart 1849 gift med Anne Thorsdotter Bjørnstad ø. 1825-1903 dotter til Thor Erlandsen Bjørnstad. Erland var i 1865 og 1875 husmannmed jord på Draagen. Ved barnefødsjar var familien inderstar på øvre Lieneige fram til 1855, frå 1856 på Stadeeige eller Draagen. Erland og Anne hadde 11 batn:

Anne f.1849, til Kvernæs pr.g. i 1867

Thor f.1851, neste brukar

Ole 1853-1853

Ole f.1855

Erland f.1856

Gunild f.1859

Imbjør f.1862

Kari f.1864, ugift på Drågen i 1900 og 1910, hadde sonen Erland Olsen f.1900

Anne 1867-1878

Mari f.1871, til Nordland 1892

Thor var i 1900 husmann med jord og vart nemnd som husmann da han gifta seg. Thor vart 1887 gift med Brit Jonsdotter Sønsteng 1858-1911 dotter til Jon Olsen. I 1910 var enkja Brit Drågen sjuk og understøtta av sonen. Thor og Brit hadde 4 barn:

Anton f.1889

Gunhild 1892-1892



Erland 1893-1894

Gunilda 1895-1895

Draagen gnr. 153 bnr. 4 vart 1912 frådelt frå søre Stade med skjøte frå Mathias Snerle til Brit O Sønsteng for kr 2700.

I 1921 var det skjøte frå Bridt O Sønsteng til Jørgen Olsen Nersæteren, Sel f.1887 for kr 9000. Jørgen var i 1920 småbrukar på Drågen. Jørgen var gift med Kari Olsdotter f.1892, dei hadde 1 barn:

Borghild f.1912

I 1929 vart eigedommen seld med auksonsskjøte i 1930 til Iver P Kjølstad for kr 5000. Iver 1891-1953 var son til Peder Kjølstad og Ingrid Ruskeløkken. Iver vart 1919 gift med Anne Sveine, Lom 1878-1954. Iver og Anne hadde 2 barn:

Paul 1920-1993, neste brukar

Marit f.1924, ugift, budde på Drågen

Paul overtok Drågen i 1951.

Arne Reiremo f.1966 overtok i 1994. Arne er son til Amund Reiremo f.1930 og Klara Høiberg f.1938. Arne er sambuar med Ragnhild Rønningen f.1968 dotter til Hans Rønningen, Sel f.1923 og Ruth Furuheim f.1929.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Hesthågå

Jacob Torstensen vart 1776 og 1778 nemnd i liste over husmannspengar. Det er uklårt kven dette var. Einaste med det namnet sist på 1700-talet som kan passe er han som i 1801 var brukar i nørdrø Haugen i Holungøyen. Amund Olsen frå oppigard søre Sandbu var gift til søre Stade, og han var sist på 1700-talet eigar av Haugen. Det kan tenkjast at husmannen hans har flytta til Haugen.

Tord Christensen var i 1801 husmann under søre Stade. Thord f.ca.1770 d.1850 vart 1797 gift med Anne Olsdotter f.ca.1775 d.1864. Thord og Anne hadde 5 barn:

Marit f.1797

Christen f.1799

Thor f.ca.1804 d.1874, neste brukar

Amon f.1811

Iver f.1815

Thor vart 1837 gift med Randi Hansdotter Storvikseige f.ca.1795 d.1888 dotter til Hans Pedersen nedre Øy. I 1865 var Thor fråskilt og føderådsmann i Hesthågå. Thor og Randi hadde 2 barn:

Hans f.1827

Ingeborg f.1827

Thor hadde før ekteskapet barn med Mari Oldsdr. Prestgarden:

Thor 1830-1885, neste brukar

Thor vart 1851 gift med Anne Hansdotter Ekreeige f.ca.1825 dotter til Hans Andersen Ekreeige. Thor Thorsen var i 1865 og 1875 husmann med jord i Hestehagen under søre Stade, ved barnefødsjar frå 1851 vart Thor og Anne nemnde som husmannsfolk. Thor og Anne hadde 8 barn:

Mari f.1851

Thor 1853-1882

Hans f.1856

Ole f.1858

Iver f.1860, neste brukar

Kari f.1863

Anne f.1866

Anton f.1871

Iver Thorsen vart 1887 gift med Berte Karine Gunvaldsdotter Saastad f.1859 dotter til Gunvald Saastad. Iver vart nemnd som husmann da han gifta seg i 1887, og nemnd på Hestehagen i 1891. Iver og Berte Karine hadde 2 barn:

Tor f.1887

Julie f.1890

I 1900, 1910 og 1920 var Ole Hansen Høiberg, Folldal 1848-1931 husmann på Hesthagen. Ole vart 1870 gift med Marit Hansdotter Øyhusom f.1841 dotter til Hans Johannesen Bolstadlykkja f.1810 og Ragnhild Olsdotter Bakken f.1814. I 1875 var dei på Øyhusom, i 1887 vart Ole nemnd som husmann på Sætalykkja. Ole og Marit hadde 5 barn:

Ragnhild f.1869

Kari f.1871

Hans f.1875, til Amerika

Hans f.1878, g.m. Kari Plassen f.1886. Til USA, ho kom att.

Mari f.1887, ugift i 1920, hadde dottera Marit Amundsdr. f.1914.

Mari vart 1922 gift med Hans J Hagen søre Sandneshagen f.1881 son til Jon Einstulen 1849-1933 og Mari Hansdr. Høiberg 1857-1939. Mari og Hans hadde og Hans flytta til Lalm sentrum ca. 1939 og budde i losjehuset. Mari og Hans hadde 1 barn:

Knut f.ca.1925, til Oslo

Dei siste som budde i Hesthågå var Erland og Ragnhild Flaten, dette var ca. 1940 til ca. 1944.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Paul Brun, Per Stade

## Olderlykkja

Johan Andersen Stadeeige f.ca.1816 var son til Anders Endresen Rugsveen. Johan vart 1862 gift med Rønnoug Jacobsdotter Sandboeige f.ca.1824 dotter til Jacob Tostensen. Johan var i 1865 og 1875 husmann med jord på Løkken / Olderløykken. Dei tre fyrste barna vart fødde før ekteskapet og Anders vart da nemnd som Rogsveen. Ved ekteskap i 1862 og barnefødslar i 1863 og 1864 vart Johan nemnd som Stadeeige. Johan og Rønnoug hadde 5 barn:

Aaste f.1843

Gunnild f.1847

Anders f.1855

Ragnild f.1863

Marit f.1864

I 1900 var Knut Olsen Nyløykkehaugen 1830-1918 husmann med jord i Olderløykken under søre Stade. Knut var son til Ole Jonsen Stokstadeiet f.ca.1798 og Ragnhild Knutsdotter Kleppeie f.ca.1788 d.1867. Knut Olsen Nyløykken vart 1854 gift med Marit Pedersdotter Stokstad 1832-1876 dotter til Peder Tjøystelsen Stokstad m. 1783-1859 og Anne Hansdr. Nesset 1811-1876. Ved barnefødslar vart Knut og Marit nemnde på nedre Stokstadeige i 1854 og 1857, seinare Stokstadeie og i 1876 Nyløykkehaugen der dei også var i 1865 og 1875. I 1900 var Knut husmann i Olderløykken. Knut og Marit hadde 8 barn:

Ole 1854-1854

Ole f.1857, g.m. Gunhild Sevaldsdr. Jacobstuen f.1854. Til Wisconsin USA

Anne 1860-1955, g.m. Johannes Iversen Kobbersletten 1858-1943.

Peder f.1863

Ragnhild f.1866

Mari f.1869

Anders f.1873, neste brukar

John 1876-1879

Anders var i 1910 husmann. Olderløykken gnr. 153 bnr. 5 vart 1911 frådelt frå søre Stade med skjøyte frå Mathias Snerle til Anders Olderløykken for kr 1500. Anders var gift med Mari Syversdr. Teigen f.1870. Anders og Mari hadde 3 barn:

Marit 1901-1962, til nedre Teigen / Rognstad ved Skår

Maria f.1903

Knut 1906-1985, neste brukar

I 1936 var det skjøte frå Anders Orderløkken til Knut A Olderløkken for kr 1000 samt føderåd til seljaren og dottera Marit Olderløkken verdsett til kr 2500. Knut vart 1939 gift med Ragnhild Randen f.1910, dei hadde 6 barn:

Mari 1940-1989, g.m. Peder Lien

Kåre 1941-1985, g.m. Eva Stadeløkken

Audun f.1945, neste eigar

Ragnar f.1950, g.m. Randi Stadeløkken f.1956. Til Øverjordet

Rolf f.1953, g.m. Sylvia Josten

Reidun f.1954, var g.m. Bjarne Storli

Audun overtok etter faren i 1991. Han vart 1971 gift med Jarnfrid Teigen, Lom f.1951 dotter til Anton Teigen f.1922 og Marit Grotheim f.1923. Audun og Jarnfrid har 2 barn:

Finn f.1972, sbm. Eva Åmot

Elin f.1976

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrjebøker, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Skogstad

Skogstad gnr. 153 bnr. 3 vart frådelt frå søre Stade i 1910 med skjøte i 1911 frå Mathias Snerle til Ivar Sveen for kr 1900. Ivar Larsen Sveen 1879-1944 var frå søre Sveen son til Lars Paulsen Sveen f.1824 og Mari Iversdotter Ulsletten 1840-1908. Iver var gift med Ingebjørg Johannesdotter Bolstadløkken f.1883. Frå 1931 hadde familien bygsel på tomt på baksida ved Lalmsbrua. Ivar og Ingebjørg hadde 3 barn:

Leif f.1913

Jens 1916-1979, g.m. Kari Groven 1924-2009

Marit f.1918

I 1928 var det skjøte frå Ivar Sveen til Loyd Ingebrectsen for kr 6000. Loyd 1912-1986 var son til Lars Ingebretsen og Anne Guttormsdr. Sveen n. f.1884. Loyd vart 1934 gift med Anna Ekren 1910-1990. Loyd og Anne hadde 2 barn:

Astrid Marie f.1935, neste brukar

Åse f.1940

Astrid overtok etter faren i 1967. Ho vart 1956 gift med Kjell Godtfred Pedersen f.1936 son til Godtfred Pedersen, Halden f.1988 og Mildrid Dalby, Sel f.1905. Astrid og Kjell hadde 2 barn:

Geir f.1959, g.m. Anne Grethe Bråten

Leif f.1965, neste brukar

Leif Pedersen har heimel frå 1999. Han er sambuar med Gro Jorunn Einstulen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrjebøker, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Seeiendom.no

## Bustadhus ovanfor Granrud

**Sjårdalsvegen 889**, Løvstad gnr. 153 bnr. 6 vart frådelt frå Skogstad i 1928 med skjøte 1932 frå Ivar Sveen til Kristoffer Granrud. Dette var frådeling frå skogteigen og er ei tomt ovanfor vegen ved Granrud. I 1953 var det skjøte frå Kristoffer Granrud til Gunnar Stadeløkken.

Gunnar bygde her etter at han var i Granrud. Vebjørn Stadeløkken f.2000 har heimel frå 2023

**Sjårdalsvegen 887**, Skoglund gnr. 153 bnr. 12 vart 1982 frådelt frå gnr. 153 bnr. 6. Gunnar Stadeløkken hadde heimelen. Dottera Inger overtok. John Rune Henriksen f.1974 har heimel frå 2013.

**Barlund** gnr. 153 bnr. 8 vart 1943 frådelt frå Skogstad med skjøte frå Loyd Ingebretsen til Johan Larsen. I 1946 var det skjøte frå Johan Larsen til Syver Stadeløkken f.1899. Gunnar Stadeløkken hadde hus her før han kom til Granrud. Seinare var det fleire som budde her. Huset er rivi.

**Øverbygdsvegen 226**, Veistad gnr. 153 bnr. 9 vart frådelt frå søre Stade i 1953 med skjøte i 1954 frå Pål Snerle til Sigurd Stadeløkken 1926-2007. Anna Rindhølen f.1993 har heimel frå 2019.

**Øverbygdsvegen 220**, Skogly gnr. 153 bnr. 10 vart frådelt frå søre Stade i 1978 med skjøte frå Magne Snerle til Terje Stadeløkken d.1952. Vetle Lien Rusten f.1992 og Mina Øihusom f.1990 har heimel frå 2022.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrjebøker, folketeljingar

Seeiendom.no

Kjetil Stade

## Nørdre Stade

Gnr. 152 bnr. 1, løpenr. 157, gml. nr. 107.

Stade vart nemnd i 1576 og var da på 3 huder som tilhørde Vågå prestebol. Skattelister 1610-1620 viser at brukaren på Stade var Erik, og i 1625 Jakob. I tillegg var det ein brukar til som heitte Lars, han vart 1610-1613 nemnd som husmann og 1617-1625 øygardsmann, både nemningane kan vera eit uttrykk for ein brukar nr. to på garden. D.v.s. at Stade var to bruk. Viss ein ser på at søre Stade seinare var på 2 huder og nørdrre Stade på 1 hud, kan ein plassere Erik og Jakob på søre og Lars på nørdrre. Men delinga trong ikkje ha vore slik fyrst på 1600-talet.

I 1645 vart det nemnd to brukar på Stade, det var Peder som truleg var på nørdrre Stade og Thorre på søre Stade.

I 1668 var det to brukarar på Stade, det var Hans som brukte 1 hud på nørdrre Stade og Lars som brukte 2 huder på søre Stade. Hans vart også nemnd i jordebok 1661. Alt tilhørde Vågå prestebol. Hans Andersen Stade f.ca.1617 d.1680 var iflg. Engebret Hougen frå Austrem. Hans var gift med Marit Pålsdotter Tolstad f.ca.1622 d.etter 1682 dotter til Pål Hansen Tolstad og Karen Knutsdtr. I 1672 var det sak om bygselen av ½ hud jord «Halvors-jordet» mellom Stade og Teigen der Hans Stade fekk medhald i at dette som før skulle følgje Stade. Hans og Marit hadde 8 barn:

- Knut f.ca.1652 d.1725, neste brukar
- Hans f.ca.1655, g.m. Ragnhild Andersdtr. Svendstad, til n. Valde
- Syver f.ca.1657
- Anders f.ca.1659
- Pål f.ca.1663
- Kristen f.ca.1665
- Peder f.ca.1670
- Barbro f.ca.1660-70

Knut Stade vart nemnd som brukar i 1711. Knut Hansen d.1725 var gift med Anne Andersdotter Svenstad f.ca.1660 dotter til Anders Olsen Svenstad og Eldri Andersdtr. Knut og Anne hadde 5 barn:

- Hans d.1753, neste brukar
- Anders
- Pål
- Marit, g.m. Ole Thoresen Fjerdingsren, Heidal
- Eldri f.ca.1701

Hans Knutsen f.ca.1690 d.1753 var gift med Marit Thoresdotter Fjerdingsren. Dei hadde 4 barn:

- Knut f.ca.1721 d.1771, neste brukar
- Thore f.1726
- Anne f.ca.1729
- Arne f.ca.1731

Soldat Knut Hansen f.ca.1721 d.1771 overtok bygselen av Stade 1 hud 1 skinn etter faren i 1748. Knut vart 1746 gift med Randi Endresdotter Austrem n. f.ca.1720 d.1804. Dei hadde 5 barn:

Mari 1747-1750

Kari 1748-1828, g.m. Sevald Justsen Berge ø 1749-1790, g.2.m. Anders Pålsen f.1735

Hans 1751-1823, neste brukar

Mari f.1754

Mari 1761-1849, g.1795.m. Fredrik Engebretson Hougen, Sel 1766-1816

Hans Knutsen 1751-1823 overtok i 1777 bygselen av Stade 1 hud 1 skinn etter mora som da var enkje. Hans vart 1780 gift med Ingrid Christoffersdotter Storvik m. 1760-1825 dotter til Christoffer Jakobsen Dale ø 1719-1797 og Ragnhild Jonsdr. Storvik m f.ca.1734. Hans og Ingrid hadde 4 barn:

Knut 1780-1857, neste brukar

Christoffer f.1782, g.m. Gunhild Hansdr. Svare f.1787, til Stadelykkja n.

Hans f.1785, g.m. Jørand Hansdr. s. Olstad, Sel f.ca.1788

Ragnild f.1788, g.m. Hans Ivarsen Svenstad f.1779

Mari f.ca.1794 d.1846, g.m. Pål Larsen Stokstad f.ca.1784 d.1836

Soldat Knut Hansen overtok bygselen av Stade i 1809. Knut Hansen 1780-1857 var gift med Ågot Olsdotter Siem 1797-1883 dotter til Ole Knutsen Siem og Ingebjørg Eriksdr. Knut og Ågot hadde 6 barn:

Ingrid f.1819 g.m. Anders Svendsen Bolstad Enget

Ingeborg f.1823, g.m. Hans Svendsen Bolstad f.1805

Hans 1825-1865, neste brukar

Ole f.1829, til USA 1870

Ragnhild 1832-1883, g.m. Ole Hansen Lunde f.1820, i 1865 budde dei på Stade

Erik 1836-1836

Hans 1825-1865 fekk kongeleg skjøte på Stade i 1853 for 838 spd. Hans Knutsen vart 1850 gift med Marit Olsdotter Veggum s. f.1827, dotter til Ole Johnsen Veggum. Hans og Marit hadde 7 barn:

Aaagot f.1850

Ragnhild f.1852

Imbjør f.1855

Knut f.1857

Ole f.1860

Anton f.1862

Iver 1864-1866

I 1870 var det skjøte på Stade frå enkja Marit Olsdotter Stade til Peder Torgersen Heringstad for 2370 spd, Peder var gift med syster hennar og i 1863 hadde Hans Knutsen skrivi pantebrev til Peder på 1000 spd han hadde lånt. I 1853 hadde Hans lånt 760 spd frå mor til Peder til finansiering av kjøp av garden.

I 1874 fekk Marit Hole skjøte på Stade for 3000 spd. frå Torger P Heringstad og Paul H Harlaug etter fullmakt frå Peder Heringstad. Marit Hole f.1820 frå Lesja var gift med Christoffer Hole f.1820 d.før 1875 frå Lesja. I 1865 var dei forpaktarar på Øy nedre søre. Christoffer og Marit hadde 6 barn, dei tre eldste vart fødde på Lesja og dei tre yngste i Grytten:

Johan f.ca.1845, forpaktar på megarden Snerle i 1875

Mariane f.ca.1846 d.1867

Hans f.ca.1849-1929, g.m. Anne Iversdtr. Hole, Skjåk 1842.1913, på Volden

Benjamin f.1852

Jacob f.1854

Christoffer f.1860

Enkja Marit Hole selde Stade i 1881 med skjøte til lærar Peder Iversen for kr 11200,-. Peder Iversen Ryfeten, Folldal 1851-1938 var son til Iver Pedersen og Kari Ryfeten f.1827. Peder var gift med Anne Amundsdotter Bu nig. f.1843 dotter til Amund Olsen Bu f.1804 og Kari Syverdtr. Hørven, Skjåk 1811-1875. Peder og Anne hadde 2 barn:

Iver f.1877, til Canada

Sylvester, til Canada, g.m. Francis

Peder var gift på nytt med Marit Saghaugen Flaten 1870-1941 dotter til Erland Knutsen Saghaugen 1844-1919 og Rønnaug Eriksdtr. Bjørgen 1836-1925. Peder og Marit hadde 1 barn:

Karl 1909-2001, neste brukar

Karl Stade fekk i 1930 skjøte på Stade frå faren for kr 16520, herav for lausøre kr 1620. Karl Stade vart 1930 gift med Petra Geilen 1907-1989 dotter til John Olsen Brenden Jeilen 1874-1934 og Betzy Josefine Johansdtr. Sundt 1883-1957. Karl og Petra hadde 4 barn:

Per f.1930, neste brukar

Julie Bergljot f.1936, g.m. Østensen, Gausdal

Målfrid f.1938, g.m. Ola Helge Bakken, Kvam 1938-1999

Arne f.1943,g.m. Grethe Bakken

Per Stade f.1930 overtok nördre Stade frå faren i 1988. Han vart 1954 gift med Åse Ragnhild Furulund f.1934 dotter til Elias Furulund, Hamar og Inger Bjørklund, Elverum 1907-1995.

Per og Åse har 4 barn:

Kjetil f.1955, neste brukar

Magni Elfrid f.1959

Unni Ingveig f.1967, g.m. Kjell Stålevik

Kjersti Torunn f.1971

Kjetil Stade vart 1978 gift med Else Skjerpingsstad, Lom f.1959, dei overtok Stade i 1994. Kjetil og Else hadde 3 barn:

Per Johan f.1977

Kai Åmund 1981-1982



Lars Are 1984-1985

**Maurstad** gnr. 152 bnr. 6 vart 1941 frådelt frå nördre Stade med skjøte for kr 1700 frå Karl Stade til Jakob Bjørnstad. Jakob starta å byggje bustadhus der. Jakob overtok seinare Granrud, og Maurstad har sidan vore saman med Granrud.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom, Tolstadslekten m.m.

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Engebret Hougen, Norsk slektshistorisk tidsskrift 1951: Av hauldeætt, Bondearistokrati i G-d.

Kjetil Stade

geni.com

## Fonstad

I 1672 var det sak om bygselen av ½ hud jord «Halvors-jordet» mellom Stade og Teigen der Hans Stade fekk medhald i at dette som før skulle følgje Stade. Fonstad er på same området. Fonstad gnr. 152 bnr. 3 vart frådelt frå nördre Stade gnr. 152 bnr. 1 i 1911 med skjøte i 1912 frå eigaren av Stade Peder Iversen til Ole Braaten Nysæter for kr 3500,-. Ola f.1858 var frå Bråtå øvre i Sjørdalen son til Syver Olsen Bråten f.1818 og Imbjør Pedersdtr. Sønstelién f.1921. Ola vart 1884 gift med Kari Syversdotter Sagdalen, Sel f.1859. Familien bygde opp Nysæter på Taulstadåsen og budde der samtidig som Ola dyrka jord og bygde på Fonstad. Ola og Kari hadde mange barn.

I 1917 var det skjøte frå Ole Nysæter til Fredrik Olsen for kr 8600,- inkl. lausøyre kr 600,-. Ein Fredrik Olsen, Sel f.1860 var i 1920 murar/steinarbeidar og budde i Enkeløkken på Lalm saman med dotter og son:

Anne f.1885

Ingvald f.1910

I 1919 var det skjøte frå Fredrik Olsen til Johannes G Stadeløkken for kr 10000,- inkl. lausøyre kr 500,-. Johannes f.1893 frå søre Stadeløkken var son til Guttorm Sveen og Rannei Bråten 1861-1922. Johannes vart 1919 gift med Oline Stenen nedre f.1893, dei hadde 6 barn:

Ragna f.1919, g.m. Arne Kongsrud

Jan f.1923, g.m. Ingrid Mosebakken

Gudmund f.1926, neste brukar

Else f.1927, g.m. Kristian Kluften

Helga f.1930, g.m. Ragnar Aaseng

Astrid f.1937, g.m. Halle Aashei

Gudmund overtok i 1956, han vart 1955 gift med Marit Aabuen, Skjåk f.1935 dotter til Ragnvald Aabuen og Marie Henriksen, Fåberg. Gudmund og Marit har 4 barn:

Lise f.1956, g.m. Egil Granlund

Egil f.1958, neste brukar

Gro f.1960, g.m. Kjell Haug

Venke f.1967

Egil vart 1992 gift med Anne Grete Damstuen f.1964 dotter til Bjørn Damstuen f.1942 og Reidun Sanden f.1941. Egil og Anne Grete overtok i 1993, dei har 3 barn:

Randi Merethe f.1984

Gry Beate f.1987

Emil f.1997

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Kåre Johan Bakke, 2008: Bråtåslekta

## Nørdre Stadelykkja

Anders Pedersen f.ca.1774 var i 1801 husmann under nørdre Stade. Det er usikkert om dette var i Stadelykkja eller annan plass. Anders vart 1796 gift med Mari Olsdotter f.ca.1771.

Anders og Mari hadde 1 barn:

Rønnoug f.1799

Christoffer Hansen Stade n. 1782-1841 var son til Hans Knutsen Stade n. 1751-1823 og Ingrid Christoffersdotter Storvik m. 1760-1825. Christoffer vart 1807 gift med Gunhild Hansdtr. Svare 1787-1855. Ved barnefødsalar var Christopher og Gunnild inderstar på Stade til 1820, medan dei i 1822 var på Bjørnstadeige. Frå 1825 vart dei på Stadeeige som var Stadelykkja og han vart nemnd under nørdre Stade i liste over husmannspengar i 1832 og 1833. Christopher og Gunild hadde 9 barn:

Hans f.1807

Jon f.1808

Hans 1811-1861, g.m. Kari Christensdtr. Eidet, Fron f.ca.1811 d.1881.

Knut 1818-1900, neste brukar

Ole f.1820

Ingri f.1822

Ole f.1825

Lars 1828-1828

Thore 1828-1828

Christopher hadde som gift mann med Marit Thorsdotter søre Stadeeige 1 barn:

Ole f.1821

Knut Kristoffersen 1818-1900 var i 1865 og 1875 husmann med jord under nørdrø Stade. Knut vart 1844 gift med Rannei Jacobsdotter Kleppeeige Ruskelykkja 1821-1891 dotter til Jacob Jacobsen Kleppeeige. Knut og Rannei vart nemnde som husmannsfolk frå 1845. Dei hadde 6 barn:

Gunild f.1845, neste brukar

Jacob f.1847, g.m. Ragnhild Hansdtr. Krukeeige f.1846. Til Krukehaugen

Christopher 1850-1928, g.m. Anne Hansdtr. Lieneige Brennhaugen 1845-1899.

Anne f.1853

Ingri f.1859

Ragnild f.1863

Gunhild hadde i 1900 plassen dette året etter at husmannen som var faren hadde døydd det året. Gunhild var ugift, ho budde i 1900 saman med dotterdottera Anne I Stadeløkken f.1886.

Gunhild hadde 3 barn:

Anton Olsen f.1863

Kari Hansdtr. f.1865

Knut Simensen f.1870

Nørdrø Stadelykkja gnr. 152 bnr. 4 vart frådelt frå nørdrø Stade i 1922 med skjøte frå P Iversen til Jakup Stadeløkken for kr 4000. Jakup O Løken nørdrø f.1866 var gift med Gunhild Henriksdotter Ulabråten f.1869. Jakup var i 1910 og 1920 husmann i Stadelykkja. Jakup og Gunhild hadde 6 barn:

Anne f.1896

Ivar f.1897

Anna f.1899

Kari 1900-1989, neste brukar

Jon 1903-1983, g.m. Kari H Åsen 1907-1949. Til Lauvstad.

Gunvald f.1905

I 1942 var det auksjonsskjøte til Jakob O Stadeløkken for kr 2500 og samtidig var det skjøte til dottera Kari Tolstadeløkken for kr 1900 samt føderåd til seljaren verdsett til kr 1000. Kari vart 1926 gift med Iver I Tolstadeløkken 1897-1972. Husa stod tidlegare øvst på jordet, tunet vart flytta ned til vegen ca.1962. Kari og Iver hadde 4 barn:

Mari f.1928, g.m. Sigurd Evensen

Jon f.1930, neste brukar

Gudrun f.1932, g.m. Edvin Dissen f.1932. På Reinshus.

Ingrid f.1938, i Stadelykkja

Jon Bergli f.1930 overtok etter faren i 1972.

Systema Ingrid f.1938 hadde 2 barn:

Irene f.1958, neste eigar

Ingvild f.ca.1976

Irene Kjøk f.1958 har heimel frå 2013.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrjebøker, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Seeiendom.no

Per Stade

## Hansstugu

I 1865 var enkja Kari Kristensdotter husmann utan jord under løpenummer både nørde og søre Stade. Dvs. at ho hadde berre eit hus. Hansstugu låg sør og ovanfor søre Stadelykkja og er i dag ein del av dette bruket. Kari Christensdtr. Eidet, Fron f.ca.1811 d.1881 var dotter til Christen Eidet. Kari vart 1839 gift med Hans Christophersen Stadeeige Stadelykkja 1811-1861 son til Christoffer Hansen Stade n. 1782-1841 og Gunhild Hansdtr. Svare 1787-1855. I 1865 budde Kari saman med sonen Kristoffer f.1851. Kari og Hans hadde 3 barn:

Gunild f.1846

Christopher 1849-1849

Christopher 1851-1928, neste familie

I 1900 var Kristoffer Hansen enkjemann og dagarbeidar og budde i Hansstugu. Kristoffer vart 1878 gift med Anne Hansdotter Lieneige f.ca.1845 d.1899 dotter til Hans Erlandsen Lieneige.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrjebøker, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Kjetil Stade

## Søre Stadelykkja

Nils Arnesen f.ca.1792 d.1871 vart i liste over husmannspengar nemnd under nørde Stade i 1832, 1833 og 1834. I 1865 var han føderådsmann. Nils Arnesen Østremseige vart 1817 gift med Mari Henningsdotter Tolstadeige f.ca.1788 d.1880. Nils og Mari hadde 1 barn:

Anne 1815-1870, neste brukar

Anne vart 1833 gift med Anders Hansen Skotlieeie f.ca.1809 d.1869 son til Hans Jonsen Steinen. Anders var i 1865 husmann med jord. Anders og Anne hadde 1 barn:

Nils f.1833 d.før 1865

Før ekteskapet hadde Anders 2 barn:

Ole f.1832, mora var Ingeborg Thorsdtr. Stadeeige

Ymbjør f.1833, mora var Anne Paulsdtr. under Skotlien

Nils vart 1852 gift med Ingri Pedersdotter Lieneige f.ca.1827 d.1886 dotter til Peder Olsen Lieneige. Nils og Ingri hadde 3 barn:

Anders f.1853

Rønnaug f.1855

Ole f.1857

Ingri Pedersdotter døydde i Stadelykkja 1886. Det er usikkert om søre Stadelykkja var busett sist på 1800-talet.

Søre Stadelykkja gnr. 152 bnr. 2 vart 1904 frådelt frå nordre Stade med skjøte 1905 frå Peder Iversen til Guttorm Sveen for kr 1300. Guttorm Johannesen Sveen nordre var son til Johannes Andersen Sør-Sveen 1823-1913 og Ragnhild Iversdotter Kleppeeie 1823-1919. Guttorm vart 1884 gift med Rannei Syversdotter Bråten f.1862 dotter til Syver Olsen. I 1890 og 1893 vart Guttorm og Anne nemnde som husmannsfolk på Sveen. I 1900 var Guttorm og Rannei forpaktarar i Rugsveen og seinare kom dei til Stadelykja. Guttorm og Rannei hadde 8 barn:

Anne f.1884, g.m. Lars Ingebretsen

Imbjør 1886-1887

Imbjør 1888-1893

Mari 1890-1892

Johannes f.1893, til Fonstad

Imbjør f.1895, g.m. Mathis Jukulrn

Syver 1899-1980, neste brukar

Mari f.1905, g.m. Ola Dalen

I 1925 var det skjøte frå Guttorm Sveen til sonen Syver G Stadeløkken for kr 3000. I 1937 var det auksjonsskjøte til Syver Stadeløkken for kr 3400. Syver vart 1923 gift med Ragnhild Bråten 1900-1982, dei hadde 5 barn:

Gunnar 1921-1994, nest brukar

Klara, g.m. Erling Foss

Sigurd 1926-2007

Arne f.1932

Ola f.1936, g.m. Marit O Bakken f.1942.

Gunnar overtok i 1979. Han kjøpte Granrud i 1970. Gunnar vart 1942 gift med Marie Løvlund f.1925, dei hadde 3 barn:

Sverre Reidar f.1944, neste brukar

Eva f.1945, g.m. Kåre Olderløkken

Inger f.1952

Sverre overtok Stadelykkja og Granrud i 1993. Han er gift med Anne Kari Bøe f.1943, dei har 3 barn:

Geir Inge f.1969

Knut f.1971, neste brukar

Vegard f.1975

Knut overtok Stadelykkja saman med Granrud i 2006.

**Sjårdalsvegen 885**, Røysbu gnr. 152 bnr. 8 vart 1965 frådelt frå Stadeløkken gnr. 152 bnr. 2, Syver Stadeløkken hadde heimelen. Dette er ei hytte. I 1982 var eigar svigersonen Erling Foss. Erling var gift med Klara Stadeløkken. I 1998 var det samanslåing med gnr. 152 bnr. 9 og i 2019 med gnr. 152 bnr. 7. Tone Foss Kværnes f.1956 har heimel frå 2019.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Seeiendom.no

Per Stade

## Berget

Berget låg oppe i skogen, ca. 200 m. ovanfor søre Stadelykkja. Dette blir kalla Bergesletta.

Ole Olsen Stadeeige 1782-1865 døydde i 1865. Dette kan vera «Stor-Stokkstan» som Ivar Kleiven skreiv om, han var ute i krigen i 1814 og rydda og bygde på Berge høgt oppe i Sjårdalsbaksida. Ole Olsen Stokstad nedre f.1782 var son til Ole Knutsen Stokstad 1739-1797 og Ingri Olsdotter 1739-1801 øvre Bilben. Ole vart 1816 gift med Mali Martinsdotter Svenstad 1784-1859 dotter til Martin Hansen 1747-1822 og Ragnild Enersdotter Sundlien / Klokkargarden f.1750. Ole og Mali hadde 2 barn:

Ole f.1816

Iver f.1822, neste brukar

Iver Olsen f.1822 var i 1865 og 1875 husmann på Berget under nørðre Stade. Iver Olsen Stadeeige var son til Ole Olsen Stadeeige. Iver vart 1852 gift med Kari Jacobsdotter Østremseige Løken n. 1829-1905 dotter til Jacob Olsen Østremseige Løken. Iver og Kari vart nemnde som husmannsfolk på Stadeeige ved barnefødsler frå 1854. I 1891 var Iver og Kari på Gjertrudneset, sonen Hans vart kalla Nettet så truleg kom dei dit før Hans flytte ut. I 1900 var Iver og Kari forpaktarar i Steinalykkja. Iver og Kari hadde 3 barn:

Iver f.1854, til Nordland. Tok namnet Solbakken.

Jacob f.1860, til Amerika

Hans 1866-1951, g.m. Mari Johannesdr. Sveen n. f.1864. Til Teigplassen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.  
Kjetil Stade, Per Stade  
Ivar Kleiven: I gamle Daagaa, Stor-Stokksta'n

## Lauvstad

Lauvstad gnr. 152 bnr. 5 vart frådelt frå nördre Stade i 1930 med skjøte frå P Iversen til John J Stadeløkken for kr 2000. Jon nördre Stadeløkkja 1903-1983 var son til Jakob Stadeløkken og Gunhild Ulabråten. Jon vart 1927 gift med Kari H Åsen 1907-1949. Jon og Kari hadde 5 barn:

Kristine f.1926

Gunhild f.1930

Jørgen f.1933, g.m. Kari Flaten f.1943

Harald f.1934

Kåre f.1937

Jon vart gift på nytt med Signe Kleiven f.1910 dotter til Knut Kleiven, Brennstad. Jon og Signe hadde 2 barn:

Jenny Solveig f.1952, g.m. Arve Åsbakk

Steinar f.1955

Eigar frå 1990 var Elin Lauvstad f.1966, dotter til Jørgen Lauvstad og Kari Flaten. Elin var sambuar med Frode Damstuen f.1959, dei har 2 barn:

Selina f.1988

Malin f.1991

Randi Rugsveen Sveen f.2003 har heimel frå 2024.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar  
Norske gardsbruk 1953-1997  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.  
Seeiendom.ni

## Teigen

Lars Teigen betalte skatt i 1624. Han vart også nemnd i 1635, men p.g.a. armod var det ikkje skatt.

Koppskatten 1645, manntalet 1666 og matrikkelen 1668 viser at Teigen 4 skinn tilhørte prestbolet. Brukar var Thore Larsen f.ca. 1605 d.ca.1685. Tore var gift med Thore Arnesdotter d.etter 1685, dei hadde 3 barn:

Johannes

Jon f.ca.1647, neste brukar

Aagot

Skoskatten 1711 nemner Jon og Lars. Jon var gift med Synnef Lauridsdotter, dei skifta i 1715. Jon og Synnef hadde 6 barn:

Lars, neste brukar

Gunild, oppført som gift i 1715

Anne, oppført som gift i 1715

Mari f.ca.1682

Torre Jonsdtr. f.ca.1689

Ingebor f.ca.1695

Lars Jonsen fekk i 1720 bygsel på Teigen 4 skinn frå presten Wilhelm Dop. Lars Teigen var brukar ved matrikkelutkastet i 1723, eigar av 4 skinn var prestbolet. Som nemnd var Lars også oppført i 1711.

I 1725 avstod Lauritz Joensen garden Teigen til korporal Havel Joensen Rud som fekk bygsel frå presten.

I 1739 bygsla presten bort Teigen 4 skinn til Ole Serqvedsen Hollungsøjen, før hadde sersjant Hovel Rud hatt bygselen. Ole Seigvedsøn f.ca.1704 d.1780 var gift med Eldri Knutstr. 1701-1745 som det var skifte etter i 1745. Ole og Eldri hadde 2 barn:

Knut f.ca.1730, seinare brukar

Anne f.ca.1742, g.m. Ole Jocumsen

Enkjemann Ole Serqvedsen Teigen vart 1747 gift på nytt med Aaste Olsdotter f.ca.1723 d.1801. Ole og Aaste kjøpte i 1753 Sørlien som deis elde att i 1761. Ole og Aaste hadde 2 barn:

Kirsten f.1751

Kari 1758-1758

I 1748 bygsla presten bort Teigen 4 skinn til Siver Torsøn, Ole Serqvedsøn hadde gjeve frå seg bygselen godviljug. Siver Teigen hadde 2 barn:

Trond f.ca.1748

Anne f.ca.1750

I 1753 bygsla presten bort Teigen 4 skinn til Knut Olsen, Siver Tordsen har da gjeve frå seg bygselen til han. Knut var son til Ole som hadde Teigen fram til 1748. Skifte 1779 viser at Knut Teigen var gift med Kari Endresdotter f.ca.1729 d.etter 1801, dei hadde 2 barn:

Eldri d.ca.1780, neste brukar

Kari f.ca.1760



Eldri var gift med Iver Erlandsen f.ca.1748. Iver fekk bygsel frå prest på Teigen 4 skinn i 1779. Eldri og Iver hadde 1 barn:

Knut 1779-1864, neste brukar

Iver vart 1781 gift på nytt med Mari Eriksdotter f.ca.1756 d.1837, dei hadde 7 barn:

Erland 1781-1794

Eldri f.1784

Erich f.1787

Syver f.ca.1790 f.1814

Mari f.1793

Erland f.ca.1795

Kari 1799-1819

Knut Iversen fekk bygsel frå presten på Teigen 4 skinn i 1810. Soldat Knut Iversen vart 1811 gift med Kari Pedersdotter f.ca.1782 d.1869, dei hadde 3 barn:

Iver f.1811, neste brukar

Knut f.1813

Eldri f.1815 d.etter 1900, g.m. Mads Hansen, barn Mari f.1844, Knut f.ca.1847 og Hans f.ca.1852. I Teigen 1865, 1900

Johan f.1818

Erland f.1821

I 1855 fekk Iver Knudsen kongeskjøte på Teigen. Iver Knutsen f.1811 vart 1849 gift med Anne Knutsdotter Horgeneie, Heidal f.ca.1822 d.1903. I 1875 budde dei på Snerlehaugen.

Iver og Anne hadde 5 barn:

Knut 1845-1846

Knut f.1849

Kari 1853-1853

Iver f.1854

Mari 1847-1865

I 1866 var det skjøte frå Iver Knudsen til Ole Olsen Lunde for 800 spd. Ole f.ca.1840 d.1920 var son til Ole Syversen Lunde. Ole vart 1863 gift med Aagot Johnsdotter Hagen, Skogbygda 1842-1920 dotter til John Hansen Holen Hagen f.1815 og Marit Persdtr. Haugen f.1808. Ole og Aagot hadde 12 barn:

Ole f.1863

Marit 1865-1865

Marit f.1867

John f.1869, neste brukar

Rønnaug f.1868

Ragnhild f.1871

Gunhild f.1873, g.m. Hans J Sveen f.1862. I Teigen i 1900, til Hagen.

Jakob f.1875

Anton f.1877

Syver f.1881  
Ole 1883-1892  
Hans f.1887

I 1920 var det kjøpekontrakt med overdraging av Teigen frå Ole O Teigen til sonen John O Teigen for kr 10000 inkl. lausøyre kr 2000. I 1944 fekk Jo Teigen auksjonsskjøte for kr 4000. Påteikning i grunnboka 1946 viser at enkja Ragnhild P Teigen sat i uskifta bu. Jon Teigen 1869-1945 vart 1922 gift med Ragnhild Sveahaugen 1890-1971 dotter til Pål og Mari Sveahaugen. Jon og Ragnhild hadde 2 barn:

Pål f.1922, neste brukar  
Ragnhild f.1929, g.m. Magnus Løken f.1928

Pål overtok i 1952.

Jon Løken f.1960 overtok etter onkelen i 1997. Han er son til Magnus Løken og Ragnhild Teigen.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom.

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.